



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 11.04.2016

Vår ref.: 2016/709

Arkivnr.: 008

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep.  
0032 Oslo

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Høringsfråsegn til rapport om kunnskapssektoren sett utanfrå

Fylkesmannen i Rogaland viser til høyringsbrev og rapporten *Kunnskapssektoren sett utenfra – Gjennomgang av de sentraladministrative oppgavene i kunnskapssektoren*. Rapporten ser på arbeidsdelinga mellom departementet og underliggjande verksemder, og organiseringa av dei sentraladministrative oppgåvene utanfor departementet. Fylkesmannen i Rogaland har slike merknader til framlegget:

### Fylkesmannen si rolle

Fylkesmannen i Rogaland er positiv til at fylkesmannsembeta får ei sterkare rolle innan rettleiing og kvalitetsutvikling i skular og barnehagar. Fylkesmannen i Rogaland kjenner til utfordringar i skular og barnehagar i fylket vårt gjennom nettverksmøte, kommunebesøk, klagesaker og tilsyn, og gjennom direkte kontakt med innbyggjarar og tilsette i kommunane, fylkeskommunen og private aktørar på utdanningsfeltet. Fylkesmannen i Rogaland meiner eit større fokus på rettleiing og kvalitetsutvikling vil medverke til betre kvalitet i opplæringa, og til betre rettstryggleik for den enkelte.

### Nasjonale senter

Fylkesmannen i Rogaland er samd i hovudkonklusjonane når det gjeld nasjonale senter. Det er mange slike senter, mange er små og kvaliteten varierer. Vi støttar konklusjonen om å redusere talet på senter, og om at dei som blir vidareførte, blir styrde etter mål og resultat. Fylkesmannen i Rogaland vil her særleg trekkje fram Lesesenteret og Læringsmiljøsenderet ved Universitetet i Stavanger. Begge desse sentra får svært gode tilbakemeldingar frå utdanningssektoren når det gjeld kvalitet på tenestene dei leverer, og dei blir opplevde som synlege og til stades ute i skular og kommunar. Fylkesmannen rår til at begge desse sentra blir vidareførte, anten i same form som no eller med annan organisatorisk plassering. Etersom begge sentra har mykje direkte kontakt med skuleeigarar og skular, vil resultat og effekt av tenestene deira lett kunne målast.

Når det gjeld nasjonale senter og forskning, meiner Fylkesmannen i Rogaland at dei nasjonale sentra som blir vidareførte, bør ha forskning som ein del av oppdraget. Det vil både medverke til høg kvalitet i tenestene som blir tilbydde, og til å rekruttere og behalde tilsette med dei beste kvalifikasjonane på det aktuelle området.

## **Statped**

Fylkesmannen i Rogaland er einig i hovudkonklusjonane når det gjeld Statped. Det meste av Statped sine tenester bør tilbydast på lågast mogleg forvaltningsnivå, slik at barn og unge får mest mogleg utbytte av denne ressursen. Det er samtidig viktig å ha eit overordna statleg organ som kan tilby tenester til barn og unge med svært lågfrekvente funksjonshemmingar/diagnosar/vanskar. Det er ikkje mogleg å sikre forsvarleg kompetanse i alle kommunar/fylkeskommunar om dette, slik kompetanse må samlast på nasjonalt nivå.

## **Kompetansepolitikk og vaksenopplæring**

Fylkesmannen i Rogaland støttar konklusjonen i rapporten om at Kunnskapsdepartementet sitt ansvar for kompetansepolitikk og vaksenopplæring bør samlast. Spørsmålet i rapporten er om dette samla ansvaret skal liggje i Vox eller i Utdanningsdirektoratet. Fylkesmannen i Rogaland meiner departementet sitt ansvar for kompetansepolitikk og vaksenopplæring bør leggjast til Utdanningsdirektoratet. Lovfortolkingskompetansen og ansvaret for oppgåver knytte til tilsyn og klagebehandling kan t.d. ikkje overførast til Vox med den rolla Vox har i forvaltninga. Når målet er å reindyrke styringslinene og forenkle organiseringa av kunnskapssektoren, bør heile ansvaret for kompetansepolitikk og vaksenopplæring samlast i direktoratet.

## **Ansvarsfordeling mellom Kunnskapsdepartementet og underliggjande verksemder**

Fylkesmannen i Rogaland er positiv til den generelle retninga i rapporten med færre underliggjande verksemder og klarare styringsliner. I innleiinga blir det halde fram at departementet bør reindyrkast som fagleg sekretariat for statsråden, og det blir peika på at ansvarsfordelinga mellom departementet og underliggjande verksemder har enkelte utfordringar. I denne samanheng vil vi nemne at den spesielle «kontaktkanalen» mellom departementet og fylkesskulesjefane på mange måtar er ei utfordring. Departementet har gjennom mange år hatt egne møte med fylkesskulesjefane utan at Utdanningsdirektoratet og Fylkesmannen er kjende med innhaldet i desse møta, noko som er uheldig når det gjeld samordna statleg støtte og styring overfor skuleeigarane.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa  
fylkesmann

Sølvi Ona Gjul  
utdanningsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Monica Mannes  
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 38  
E-post: fmromma@fylkesmannen.no